



Innkalling av Formannskapet

Møtedato: 09.02.2022
Møtestad: Flodmaal
Møtetid: 09:30 - 11:30

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2022	Godkjenning av møteprotokoll
003/2022	Orienteringssaker
004/2022	Tildeling av kommunale kompensasjonsmidlar - del 1 2022

2. februar 2022

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/34

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2022	Formannskapet	PS	09.02.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/34

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2022	Formannskapet	PS	09.02.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 23.11.2021

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/34

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2022	Formannskapet	PS	09.02.2022

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		22/29

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2022	Formannskapet	PS	09.02.2022

Tildeling av kommunale kompensasjonsmidlar - del 1 2022

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver følgande i tilskot i samband med kommunal kompensasjonsordning del 1 2022:

Mobryggen Drift AS, kr. 237 760,-
Nese Media, kr. 8000,-
Aanesen språk, guiding og kurs, kr. 9240,-

Løyvingane vert gjevne som bagatellmessig stønad, og utbetaling vil finne stad fortløpande.

Saksopplysningar:

Regjeringa sendte ut pressemelding 21.12.2021 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om at det var løyvd nye 500 millionar kroner gjennom den kommunale kompensasjonsordninga. Pengane skulle hjelpe lokalt næringsliv gjennom ein ny periode med inngripande koronatiltak.

I vedlegg til pressemeldinga var det oppført at kr. 255 000,- vart løyvd til Modalen kommune. Midlane skulle nyttast til vidarefordeling til lokalt næringsliv, jfr. brev til kommunane som ligg på Regjeringa si heimeside:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/468babc36695411697577e51c4580bfc/tilskuddsbrev-kommunal-kompensasjon-runde-6.pdf>

Kriteriar for tildeling til kommunane er basert på tal tilsette i overnattingsverkemder, samt tal tilsette i serveringsverksemder, jfr. brev om tildelingskriteriar:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/468babc36695411697577e51c4580bfc/tildelingskriterier-grunnlagsdata-6.-kompensasjonsrunde.pdf>

Kommunen har publisert tilskotsordninga på www.regionalforvaltning.no, på kommunen si

heimeside, samt på kommunen sin Facebook-konto. Søknadsfrist vart satt til 25.01.22.

Det vart registrert 3 søknadar innan fristen. Mobryggen Drift AS søker kr. 330 000,-, Nese Media søker kr. 8000,-, medan Aanesen språk, guiding og kurs søker kr. 9240,-.

Bakgrunn

Målet med ordninga er å setje kommunane raskt i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemder som er særleg hardt råka av lokale eller sentrale smitteverntiltak.

Tildeling skal sikre likviditet i verksemder, samt dempe dei økonomiske konsekvensane av Covid-19 pandemien. I tillegg at likviditeten skal betrast for det lokale næringslivet og at verksemdene får dekkja dokumenterte meirkostnadar og/eller dokumenterte tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging. Ordninga skal bidra til å oppretthalde arbeidsplassar og viktig kompetanse i verksemder som er ramma av pandemien.

Følgjande krav til søkjarar vart lagt til grunn:

Søknaden må registrerast og sendast gjennom www.regionalforvaltning.no

Følgjande må opplysast om:

1. Kontaktopplysningar og organisasjonsnummer.
2. Informasjon om økonomi; tapte inntekter og/eller meirkostnadar.
3. Kort grunngjeving for søknaden.
4. Informasjon om evt. anna offentleg stønad som verksemda har søkt og/eller motteke.

Verksemder må opplyse om dei er del av konsern (søknadar til andre kommunar).

Vurdering

Nese Media søker kr. 8000,- i stønad. Søknadsbeløpet relaterer seg til tap av konkret oppdrag i desember 2021. Rådmannen finn søknaden tilstrekkeleg dokumentert og grunngjeve, og rår til at det vert løyvd kr. 8000,- til Nese Media.

Aanesen språk, guiding og kurs søker kr. 9240,- i stønad. Søknadsbeløpet er knytt til 2 konkrete avlysningar i desember 2021 og januar 2022. Rådmannen finn søknaden tilstrekkeleg dokumentert og grunngjeven, og rår til at det vert løyvd kr. 9240,- til Aanesen språk, guiding og kurs.

Mobryggen Drift AS søker kr. 330 000,- i stønad. Etter søknadsfristen har selskapet sendt inn dokumentasjon som justerer behovet opp til kr. 550 390,-. Søknadsbeløpet er knytt til konkrete avlyste arrangement og oppdrag i perioden november 2021 til januar 2022. Rådmannen finn søknaden tilstrekkeleg dokumentert og grunngjeve, og rår til at det vert løyvd kr. 237 760,- i tilskot til Mobryggen Drift AS.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune løyver følgjande i tilskot i samband med kommunal kompensasjonsordning del 1 2022:

Mobryggen Drift AS, kr. 237 760,-

Nese Media, kr. 8000,-

Aanesen språk, guiding og kurs, kr. 9240,-

Løyvingane vert gjevne som bagatellmessig stønad, og utbetaling vil finne stad fortløpande.

Vedlegg:

KMD, kompensasjonsordning til lokale verksemder - 21.12.21

Søknad - Mobryggen Drift AS

Søknad - Nese Media

Søknad - Aanesen språk, guiding og kurs

Tilleggsdokumentasjon frå Mobryggen Drift AS, d. 27.01.22